

Osingen



Lokalhistorisk årsskrift 1999

Utgjeve av Os Mållag
15. årgang

Osingen

Utgjeve av
Os Mållag

1999

INNHALDSLISTE:

Det gamle
kommunehuset side 3

Gustav Moberg:
Trevareindustrien i Os
starta ved ein bekk på
Heggland side 4

Bergljot Lyssand Bjørø:
Gamle vers og regler side 7

Barnesider:
Elevar i kl. 7A og 7B
ved Søre Neset skule side 9

Anna Margreta Lunde:
Bunadverkstaden side 12

Anders Molven
fortel til Lars Skorpen:
Krigskvardag og
krisetid side 15

Kine C.A. Barth:
Novella: Stilt side 19

Kåre Herdlevær:
Rødsæter - endå eit
minne frå sæterlivet side 21

Framsida:
Den nye parken på Kyrkjeflaten
Foto: Hilmar Flaterås

Skriftnemnda:
Anna Margreta Lunde
Elfrid Moberg
Gustav Moberg
Lars Skorpen
Kåre Herdlevær

Teikningar:
Ragnhild Svenning Berge

Trykk:
Geo Grafisk AS Bergen

Kr. 30,-

Til lesaren

No er det 15. gongen at bladet OSINGEN kjem ut! Sidan Os mållag arbeider for at flest mogleg skal nytta nynorsk både i tale og skrift, er det gledeleg å sjå at bladet OSINGEN har blitt godt motteke. I fleire heimar samlar dei på alle årgangane i så mange eksemplar som dei har born, og vil gje dei til borna sine når dei vert vaksne og veit å setja pris på det.

Likeeins er dei ulike årgangane å finna på biblioteka i Os. Når elevane skal ha oppgåver med ulike prosjektarbeid og treng lokalt lesestoff, kan ein lesa og finna opplysningar i dei ulike årgangane av bladet OSINGEN i tillegg til dei gode bygdesogene for Os.

Os mållag er oppteke av at borna rundt om i dei 14 barnehagane i Os får høyra god litteratur på nynorsk både i songar og eventyr. Difor har ein i mange år gjeve nynorske bokgåver til barnehagane. I år har vi teke med i dette bladet gamle vers og regler som Bergljot Lyssand Bjørø brukar med små born i musikkbarnehagane.

I følgje ulike profetiar skulle nynorsken vera nedlagt for lenge sidan. Men han er livs levande den dag i dag. Dei siste åra har det vorte skipa nynorske skuleklassar i dei største byane våre. Det er no nynorsk-klassar både i Trondheim, Oslo og Bergen.

Til neste sommar - sommaren år 2000 - skal landsmøtet til Noregs Mållag vera i Bergen. I brosjyra til Hordaland Mållag blir Bergen kalla «Nynorskbyen».

Nynorsk har etterkvart vunne aukande respekt og prestisje og fleire og fleire toler trygt snakka dialekten sin. Spesielt har vi fleire gode ambassadørar for nynorsken i radio og fjernsyn.

Sommaren -99 var landsmøtet til Noregs Mållag i Florø. Det var det største landsmøtet som hadde vore på mange år. Då Norsk Målungdom song «Flaumen går» med fynd og klem, var det særskild høgtideleg å vera tilstades. Eit av versa frå «Flaumen går» tek vi med her som ei helsing til lesarane vår:

Blankt som gull, mjukt som ull er det norske målet.
Som sol på fjell, som blome-tjeld, som fuglesong um kveld.
Tusen års rot det hev i landet, tusen år til så skal det stande.
Flaumen går, i Noreg er vår, og dølan` er det som rår.

Gledeleg Jul

Helsing frå skriftnemnda

Helsing

Til

Med dei beste ynskje om god jul og eit godt nytt år!

Frå



Det gamle kommunehuset på sin gamle plass, med ryggen mot «Fjero» Foto: LHA

Bilete over viser Det gamle kommunehuset med ryggen mot «Fjero», der det sto i godt og vel 100 år. Biletet på framsida av «Osingen» viser det nye parkanlegget på kyrkjeplatnen med kommunehuset lengst til høgre. Men huset har vore flytta ein gong før. Det var den tyskfødde oberst Johan Jacob Pritzler, sjef for Oskompaniet, som fekk bygd huset på garden Molda. Han kjøpte gardane Molda og Klyva i 1718. Det vakre huset vart bygt omkring 1720.

I mange år hadde osingane ingen fast stad til å halda møta i heradstyret, men i 1884 vedtok heradstyret å kjøpa huset som Annanias Tveit hadde fått på hand. Det vart flytta og sett oppatt på Osøyro. I mange år gjorde det teneste som møtestad for formannskap og kommunestyre, folkeboksamlinga heldt lenge til der og det var kontor for kommuneadministrasjonen. Då sentrumskvartalet skulle byggjast, vart det gamle kommunehuset flytta til den staden der det no står.

Trevareindustrien i Os starta ved ein bekk på Heggland

Av Gustav Moberg

Trevarer har det vore laga i Os til alle tider, for det meste som handverksprodukt fram til for godt og vel hundre år sidan. I gammal tid var bøndene mykje godt sjølvhjelpne med å laga det utstyret og dei reiskapane dei trong i heimen og til gardsdrifta. Men mange dreiv også med å laga ymse trevarer til å selja - mest kjende er den lette og fine oselvar-båten og dei ufattelege mengdene med tresko som vart laga i bygda. Men her var også møbelsnikkarar, tredreiarar, treskjerarar, bøkkarar og andre - og sjølvsgt bygningstømrarar. Det var då tale om handverkarar og om små verksemdar. Frå omkring år 1900 tok det til å bli industri av det, og i Os er det ikkje tvil om kven det var som først gjorde trevarearbeidet om frå handverk til industri. Det var Jacob Hægland (1861 - 1925).

Jacob som vart fødd på garden Heggland i Hegglandsdalen i 1861, valde same yrket som faren og vart bygningsmann og trearbeider. Broren Vinsjans som var fem år eldre dreiv også med trearbeid .

Dei sette opp ein verkstad ved bekkjen på Heggland. Der hadde dei eit vasshjul som gav kraft til dreiebenken. Elles var det ofte heime i stova arbeidet var drive i den tida.

Kristina Heggland som vart gift med Vinsjans i 1889, fortalte mange år seinare at då ho skulle ha det første barnet sitt, stod det to høvlebenkar og ein dreiebenk i stova og ho måtte be tausa fjelga litt - «sopa vekk litt spon før jordamoro kjeme .»

Dei to brørne delte garden mellom seg i 1893, og Jacob bygde nytt stovehus.

Men så brann verkstaden ned og Jacob kom til at han måtte finna ein stad der det var meir vasskraft å henta. Han fekk seg ei tomt ved Lundafossen og gjekk i gang med å byggja verkstad og det anlegget som skulle til for å driva vasshjul og dermed sager og andre maskinar. Han gjekk heim til Heggland om kveldane og nedatt om morgonen, men så fekk han kjøpt det eine bruket på Lund eller Lonen som det heiter i bygdemålet. I 1899

flytte familien frå Heggland, men dei budde eit par månader i verkstadbygningen « i Fossen» som dei sa, medan huset på Lund vart påbygt og sett i stand. Den delen av Hegglandsgarden som Jacob hadde hatt, gjekk tilbake til Vinsjans og huset Jacob hadde bygt,vart selt. Jon Moberg kjøpte huset og bygde det oppatt på Osøyro, litt nedanfor kyrkja.



Jacob Hægland

Alt måtte gjerast frå grunnen av Jacob Hægland hadde ikkje teikningar eller oppskrifter å gå etter. Han måtte finna ut alt på eiga hand og gjera alt frå grunnen av. Det galdt vassdrifta av maskinane - og det galdt sjølv maskinane. Dei måtte han laga sjølv eller i alle høve tenkja ut korleis dei skulle vera. Det same galdt arbeidsmetodar og det dei skulle produsera.

Den første tida var det møblar, men etter kvart kom han til å konsentrera produksjonen om dører, vindauger og trapper, og han fekk ein mykje større marknad enn Os. Varene frå fabrikkjen i «Fossen» gjekk til andre bygder i Midhordland, til Sunnhordland og Hardanger og til Bergen . I den tida då arbeidsveka var på seks dagar, vart gjerne sundagen nytta til slikt som ikkje var kroppsarbeid. På sundagane kom bygg-



Garden på Hegglund der Jacob Hægland vart fødd og voks opp

meistrane heim til Jacob Hægland for å forhandla om leveransar. Då var kona Kristianne viktig i marknadsføringa. Ho laut svinga opp med middag og kaffi til gjestene - og utpå ettermiddagen vart leveringsavtalen klar. « Det var no elles mor som måtte ta seg av alt på gardsbruket, far hadde meir enn nok med verkstaden », fortel døtrene Mathilde Valaker og Birgit Bårtvedt.

Mange lærte faget i Fossen

Mannskapsstyrken i Fossen varierte, men om somrane kunne det vera opptil 20 mann i sving der når læregutane vart rekna med. Mange av dei som var innom der i unge år, sette seinare i gang eigne verksemder. Mellom dei var folk som Gustav Bahus, grunnleggjaren av det som seinare vart ein landskjend møbelfabrikk, Hogne Eide som grunnla Os Trewarefabrikk som sonesonen driv i dag, Johannes Moberg som i mange år

dreiv møbelfabrikk ved Kuvenskiftet, Kristian Lyssand som bygde dør- og vindaugefabrikk på Lybakken på austsida av Oselvo (og som vart gift med Elen, eldste dottera til Jacob). Fleire andre som var i arbeid i Fossen i kortare eller lngre tid, sette også i gang for seg sjølve. Utover i mellomkrigstida vart trevareindustrien ei vekstnæring i Os, og på slutten av 30-åra var 60 prosent av industriarbeidarane i bygda sysselsette i denne industrien.

Ny fabrikk på Osøyro

Fabrikken i Fossen var eit stort framsteg i si tid, men det var ikkje alltid så lett å driva der. Om vinteren kunne vasshjulet frysa fast og om sommaren kunne det vera for lite vatn i tørkeperiodar. Dessutan var transporten tungvinn, dei måtte køyra materialen opp Troppabakken og derifrå til Fossen.

I 1908 kjøpte Jacob ein eigedom som Ivar

Tvedt (Fargaren som han gjerne vart kalla etter yrket sitt) hadde på Osøyro og dessutan eit hus som vart kalla Hansastallen . Der bygde han fabrikk . Når det galdt kraft til maskinane ville han ikkje vera avhengig av naturens luner slik han hadde vore i Fossen. Han for til Oslo og kjøpte ein stor dampmaskin og flytte produksjonsmaskinane ned til Osøyro. Berre ein stor høvlemaskin stod att i den gamle fabrikk som sonen Peder tok seg av.

Jacob Hægland kunne vera svært distre, gamle osingar kan fortelja historier om korleis han noterte bestillingar og betalningar på bordbetar som seinare hamna i spondungen eller fyren og om den gongen han skulle med Osbanen, men vart så oppslukt av ein avisartikkel at toget heldt på å gå ifrå han. Men han var snar til å løysa problem som oppstod. Det kunne henda det kom store bestillingar , men på vilkår av at varene skulle leverast på urimeleg kort tid. Ein slik ordre kom ein gong frå Odda der industriutbygginga kunne føra til krav om lynleveransar. Ved eit slikt høve viste Jacob seg som ein sær kreativ leiar. Den gongen var det berre sjøvegen som var aktuell for større godssendingar til Odda. Jacob Hægland fekk tak ein høveleg frakteskute, sette alle mann i gang med å skjera og fresa og høvla til alt treverk til dører og vindauge i fabrikk, fekk det ombord i båten i lag med verkty og så mange arbeidrarar som måtte til for å spikra saman alle emna på turen gjennom Lukksundet og innover Hardangerfjorden, slik at dei kom til Odda med alle dei ferdige dører og vindauge og trapper som skulle til!

Jacob Hægland vart ingen gammal mann. Han døydd i 1925 og broren Vinsjans døydde same året. Kristian Lyssand dreiv så fabrikk på Osøyro ei tid , men då han starta for seg sjølv på hi sida av elva, overtok sonen Peder Hægland fabrikk på Osøyro og dreiv han i mange år framover.

Arven etter føregangsmannen

Fabrikk Jacob Hægland bygde på Osøyro og som sonen dreiv vidare er nedbrunnen for lenge sidan, men det er framleis trevareverksemdar som i opphavet på ein eller annan måte har samanheng med livsverket

hans - den første industrielle trevareproduksjonen i bygda. Nokre av dei stammar så å seia i rett line frå den vesle verkstaden ved bekken på Heggland. Det gjeld Hæglands Interiørfabrikk som held til i Rølsvåg i Samnanger. Vinsjans var også snikkar, men dreiv elles garden. Men etterkomarane etter Vinsjans har også drive i dreiar- og snikkarfaget, og Heggland Heiltre som held til på Heggland blir i dag driven av tredje ættleden etter Vinsjans.

Jacob og Vinsjans - brør og vener

Jacob og Vinsjans må ha hatt gode evner på fleire område. Verket Jacob let etter seg, talar for seg sjølv. Vinsjans viste det på andre måtar, m.a. ved at han dreiv og lærte seg framande språk på eiga hand. Det var ikkje nett det ein venta av ein vestlandsbonde i førre hundreåret.

Dei to var gode vener og svært knytte til kvarandre, fortel døtrene Birgit og Mathilde. Om sundagane kom Vinsjans ofte gåande frå Hegglandsdalen. Dei to brørne drakk kaffi og gjekk så til kyrkje. Etterpå var det middag på Lund og seinare på dagen følgde gjerne Jacob bror sin heimatt.

Jacob var elles kjend for å vera flink til å syngja, og det vart sagt at ein kunne høyra han over alle hine i salmesongen i kyrkja. Somme tider når veret var særleg ille, overnatta Vinsjans på Lund. Då låg han på loftet der jentene til Jacob og Kristianne også hadde sengene sine. « Og når det bles og regna og dura rundt novene på det verste, då las han Fadervår og då kjendest alt så trygt og godt,» kan Birgit og Mathilde minnst.

Kjelder:

Mathilde Valaker

Birgit Bårtvedt

Bernhard Bårtvedt

Gudrun Moberg Heggland

Notat frå Elen Lyssand

Os-soga

Bygdesoga for Os

Gamle vers og regler

av Bergljot Lyssand Bjørø

DET FINST EIN STOR SKATT AV GAMLE VERS OG REGLER. OGSÅ HER I OS FINST DET SLIKE, SOM DET ER MANGE VARIANTAR AV KRING I LANDET. DEI SOM VERT PRESENTERT HER ER SLIK FORFATTAREN HUGSAR DEI.

REVEN HAN SAT PÅ SETE

Dette er eit vers som ein kan finna i mange variantar rundt om i landet. Men dette er slik eg hugsa at farfar min song det for meg. Det er eit av dei første versa eg hugsa han song til meg. Eg var nett komen heim frå Amerika og var ei «asfalt - jente» på 6 år, så dette var «sterk» kost.

Reven han sat på sete,
haure lammet lete.
Reven han sat på såte,
haure lammet låte.
Gråt ikkje, gråt ikkje, du litle lam,
kom ska` eg syna deg vegjen fram te` mor di.
Nei, da gjere du ikkje.
Du bite meg i bogen
og ber meg bort i skogen,
så legg du meg på ein liten stein
og pittla av mine småe bein,
og så må mor mi gråte.



MARI MARI NIPA

Om våren var vi med farfar og lagde seljefløyte. Då lærde han oss ein song som vi måtte syngja når vi skulle få borken til å losna. Vi heldt i kvivseggen og slo ein jamn rytme med knivskaftet på fløyta medan vi rulla kvisten sakte rundt i handa. Når songen var slutt skulle borken vera laus nok til å ta av.

Verset var slik:

Mari Mari nipa skorsteins pipa
Vil du hjelpa meg i år?
Ska eg hjelpa deg eit anna år.
Mari Mari nipa skorstein pipa.



Dette er eit vers som verkeleg verka som det skal. Eg var som vaksen på eit kurs og der skulle vi laga seljefløyte. Fleire av dei rundt meg fekk ikkje laus borken på fløyta. Eg tok fløyta deira, song songen, slo og når songen var slutt, gjekk borken av.

DING DANG, KLOKKO KLANG

Dette er eit lite vers som far alltid song når vi hadde småfolk i huset, spesielt dersom dei var urolege eller trøytt. Han bar dei på armen og vogga dei medan han song på fire tonar. Borna vart alltid rolege.


Ding dang, klokko klang kalven dansa og rompo slang

Eg var i Gamleheimshagen med ei av baby-gruppene mine og song blant anna denne songen for dei eldre der. Då var det ei dame som sa: «det er no meire på den songen der,» men ho hugsa ikkje resten nett då.

Men då eg kom heim fann eg fram nokre gamle regler og rim frå Os som Annanias Lien har skrivne ned i 1988. Der fann eg ein variant av same visa. Slik var den:

DING, DONG, KLOKKO SONG

Ding, dong, klokko song
kalven dansa å rompo slong
kjeringo tok sitt føl i fong
trudde da va sin eien son
just va da ikkje.
Stubben tå viso va ikkje long:
Han rakk i frå bydn å te Vossavong.



Frå eg var 1 år til eg var 6 år budde eg i Amerika og vart glad i engelske rim og regler. Endå sit ein del av dei som spikra, på engelsk. Men eg har og funne norske variantar av dei same reglene. Her er ei regle som eg var svært glad i på engelsk, men det er den norske varianten (ei av dei) eg har brukt på eigne og andre sine born.

SLIK RIDER DAMENE

Ungen sit på fanget og huskar så vidt opp og ned:

Slik rider damene på hesten
I lunt og trav, i lunt og trav.

No går det mykje seinare.

**Ein hevar og senkar knea anna kvar gong så
ryttaren voggar frå side til side:**

Slik rider bonden på hesten
Hompeti bomp hompeti bomp


No går det fort:

Slik rider herrene på hesten
I galopp, i galopp, i galopp.

Dette var ein liten bukett av den store skatten vi har av gamle vers og regler, som finst i uendelege variantar rundt i landet. Det eg presenterer her er slik eg hugsar dei, men andre kan ha sine variantar.



WORD



Vassrett

- 1 Årstida vi har no
- 5 Lever i tuer
- 6 Kan vatn bli til
- 8 Einig
- 9 Jentenamn
- 10 Meinte
- 11 Sender vi i posten
- 12. Vakre blommar

Loddrett

- 1 By i Noreg
- 2 Jentenamn
- 3 Klokke
- 4 Stort rovdyr
- 5 Gnål
- 7 Gjorde du i natt
- 9 Eldstad
- 11 Bjørn Sand

Løysing bakerst i bladet

FLAUSER

Eg og veninna mi skulle gå og bade på ei strand. Etter vi var ferdige så skulle eg halde handkledet til veninna mi for ho skulle skifte. Ho hadde fått på seg toppen, og skulle til å ta på seg underbuksa. Men før ho fekk tid til det så kom det ein veps som sette seg på meg. Eg slapp handkledet rett ned og sprang vekk. Ho sto der utan noko anna enn ein topp og eit stort glis. Det verste av alt var at vi sto på ein topp så alle kunne sjå oss.


Alle saman sto og lo, både gutar og jenter. Det andre ho gjorde var å setje seg rett ned. Gjett kven som fekk juling.

Det skal eg scia deg; det var faktisk meg.



Det var ein gong eg skulle sykle heim frå eit discotek. Eg sykla forbi ein gjeng med pene jenter, til og med ho eg likte. Eg skulle tøffe meg skikkeleg. Men så «trynte eg han» rett i grøfta med fullt av brennensesler. Endå verre blei det når eg kom opp igjen og alle skratte og spurte kortid eg skulle lære meg og sykle.

LABYRINT



Svaret finn du bakerst i bladet.

VEIT DU DETTE?

1. Kan stol vera farleg?
2. Finst det levande troll?
3. Kva kjede kan vi ikkje ha rundt halsen?
4. Kva skap er det største?
5. Kva er det som er stripete og går rundt og rundt?
6. Kva får du når du kryssar ein sjiraff med eit piggsvin?
7. Kva får du når du kryssar ein elefant med ein kenguru?
8. Kven har det verre enn ein krokodille med tannverk?
9. Kven var den første tryllekunstnaren i verda?

Svaret finn du bakerst i bladet.

FLEIRE VITSAR

To skurkar sit og snakkar saman i fengsel.

-Æsj, eg er så lei av å sitje i fengsel

-Jammen så reis deg opp da vel!!!



50 nordmenn og 50 svenskar sat på eit fly som flaug over Himalaya. Så datt golvet ut, men alle heldt seg fast i taket. Så sa flygaren at halvparten måtte sleppa. Då sa nordmennene: «Vi er eit tappert folkeslag, så vi slepper.

Då begynte alle svenskane å klappa!!!

Find 14 dyrenavn vassrett og loddrett!!!

L	G	C	Z	X	M	L	B	B	R	M	R	T
E	R	U	L	V	N	U	R	H	R	C	G	F
O	S	A	R	Y	K	S	U	U	E	Å	M	E
P	A	P	D	D	E	T	S	N	D	I	O	Ø
A	D	S	L	A	N	G	E	D	D	L	S	G
R	Å	D	Y	R	G	B	K	N	E	D	I	E
D	R	A	G	E	U	Q	K	A	R	E	I	N
R	A	C	T	C	R	K	A	C	K	R	T	U
E	O	B	U	P	U	L	T	X	O	K	I	L
V	E	R	W	B	A	R	T	Å	P	S	I	U



Sheradstyret 1899

BUDGET FOR OS HERRED 1899

Indtægter:

Indtækt til skolen	kr. 2 583,00
Handelsskat	kr. 352,00

Udgifter:

Skolevæsenet	kr. 9 500,00
Amtskat	kr. 3 335,00
Renter og Afdrag	kr. 900,00
Skyds og Diæt til Præsten	kr. 375,00
Lensmanden	kr. 83,34
Veivæsenet	kr. 300,00
Thinghold	kr. 75,00
Revision	kr. 20,00
Ligningen	kr. 100,00
Jordmødrene	kr. 160,00
Kassereren	kr. 80,00
Ordføreren	kr. 40,00
Rigsforsikringen	kr. 25,00
Assurance, Vedligehold m.m.	kr. 541,66

Sum kr. 2 935,00

Sum kr. 15 535,00
kr. 2 935,00

Udligning for Skat kr. 12 600,00

Udlignet paa Matrikulen kr. 4.600,-. Udlignet paa ligning kr. 8.000,-



Anne-May Jørgensen i kopi av bunaden frå 1830

Bunadverkstaden

av Anne Margreta Lunde

I dei seinare åra har interessa for norske bunader og folkedrakter vore aukande. Å bruke bunad har vorte ei motesak. Fleire og fleire skaffar seg bunad, det gjeld både unge og gamle, kvinner og menn. Det ser vi tydeleg på festdagar som 17.mai og konfirmasjonsdagar. Kan hende ynskjer vi å søkje tilbake til "røtene", eller vi ynskjer ting som er varige, vakre og norske.

Det er mange ressurspersonar rundt omkring i Noreg som er opptekne av bunadene i sine distrikt. Slik er det og i Os, der 3 damer syr bunader på heiltid i

Bunadvekstaden, som ligg i den fint restaurerte bygningen Os Stasjon. Det er Linda Kleppe, Birgit Nordheim og Aud Jørgensen, sistnemnde har i lang tid hatt

fagbrev i kjole og draktsaum, og ho har no også fått fagbrev som herreskreddar. Tidlegare hadde dei kvar for seg sydd bunader på bestilling, Aud Jørgensen sydde og for Husfliden i Bergen. Saman kunne dei auka kompetansen, støtta kvarandre, dela erfaring og kunnskap. Ikkje minst viktig var det sosiale. Det var kjekt å vera fleire i lag.

Det heile starta i april 1995 med god hjelp fra Bjørnefjorden Næringsutvikling ved Eiken, Landbrukskontoret ved Kleive og BU-midlar. Bunadsverkstaden heldt først til i Bjørnegården, men for to år sidan flytta verkstaden til Os stasjon. Frå første stund var det stor etterspurnad etter bunader, og no er ventetida frå eitt til to år for å få sydd seg bunad. I starten hjelpte dei tilsette og til med å sy bunader frå andre delar av landet dersom dei fann gode nok modellar. I lengda vart det for tidkrevjande å setja seg inn i alle detaljar for å få bunadene så korrekte som mogleg, så no er arbeidet konsentrert om bunader frå Os og distrikta ikring.

Det er mange som trur at bunader frå Os må vere heilt like. Slik er det heldigvis ikkje. Det er variasjon både i stoff, farge og modell. Det som vi har sett, er at variasjonane i fargar og snitt i folkedraktene har vorte større, og det har dukka opp bunader som vi berre har sett på gamle bilete. Kva som er "rett og gale" i bunadsbruken i dag, er nok eit heitt diskusjonstema i ulike krinsar. Blant bunadsekspertane rundt i landet er meiningane ofte svært ulike, og til tider er meiningane nokså bastante. Den diskusjonen gjev vi oss ikkje inn på her.

Kundane vil gjerne ha gode råd og god rettleiing, og mange ynskjer og å ta vare på lokale detaljar. Då kjem det godt med at dei tilsette på Bunadverkstaden har inngående kjennskap til bunadstradisjonar. På Bunadverkstaden vert det ikkje laga "fantasibunader", men bunader som byggjer på tradisjonar i bygda.



*Henriette Kleppe og Finn Erik Hylland
i bunader frå Bunadverkstaden*

Det er ikkje berre jente- og kvinnebunader dei syr i Bunadverkstaden, Aud Jørgensen syr og herrebunader. Det var herreskreddar Andreas Nymark (han er fødd i Os), som hjelpte til med å få dette arbeidet i gang, og han gjev framleis god hjelp og rettleiing når det trengs. Det vert sterkt understreka at utan Nymark si hjelp ville arbeidet med herrebunader ikkje kome i gang.

Bunadsarbeid er eit tidkrevande arbeid. Så godt som alt arbeid er handarbeid, og det skal lagast mønster og modellar før ein går i gang med sjølv synging. Det er eit avansert handverk som set krav til erfaring og tolmod. Arbeidet med kvitsaum og perlebroderi er det andre i bygda som tek seg av,

men Bunadverkstaden formidlar kontaktar og tek på seg monteringsarbeidet. I tillegg sel dei og stoff og alt som høyrer til bunader. Dei sel og lin og lintråd til broderi for dei som ynskjer å gå i gang med arbeidet sjølv.

I samarbeid med kulturkontoret starta Os Husflidslag i 1995 ei bunadsgruppe der både Linda, Birgit og Aud var med. Denne gruppa skulle registrere bruken av bunader i Os, og dei er no i ferd med å avslutta registreringsarbeidet for epoke 1 som er frå 1830 til 1850.

Bunadverkstaden har god kontakt og samarbeid med Bunad- og folkedraktrådet på Fagernes, som gir faglege råd og rettleiing i bunad- og folkedrakt-spørsmål.

Aud Jørgensen har sydd ein kopi av Os-bunaden etter eldgamle mønster til dottera si, Anne May. Dette er den første komplette kopien av Os-bunaden etter mønster frå 1830 til 1850.

Det kan brukast ulike fargar og mønster i livet på bunaden, og i Bunadverkstaden synner dei fram nydelege alternativ når det gjeld silkestoff til liv eller band på bunaden. Os-bunaden som er i bruk i dag, har for det meste raude eller grønne liv. Dei raude jenteliva har sitt utspring frå nasjonalepoken,

som var for cirka 100 år sidan. Dei grønne liva kom etter registreringa i 1952.

Bunadverkstaden samarbeider med tekstil-designer Jon Pettersen, som har eige firma for utvikling av mønster og spesialstoff. Difor kan ein no få eksklusive bunadsstoff i silke med fleire ulike fargar og mønster. Det er funne gamle bunadsstoff på museum og i privat eige, slik at det er originale og ekte førebilete for dei nye silkestoffa.

Det er viktig å halda bunadstradisjonane levande, og å føre dei vidare. Då er det godt vi har Linda, Aud og Birgit som med interesse, dugleik og tolmod tek vare på dei gamle draktradisjonane våre. Folk i Os som gjerne vil få sydd seg ny bunad i Bunadverkstaden, må gjerne ta kontakt med verkstaden. Dei hjelper dei fleste som stikk innom, sjølv om det blir noko ventetid før jentene kan sy bunaden ferdig...

Kjelder: Norges bunader og samiske folkedrakter, Oslo, Cappelen 1993
Bunader i Hordaland, Oslo, Universitetsforlaget 1987
Os Og Fusaposten 26.juni 1999.
Bergens Tidende 19.april 1999

Sheradstyret 1899

Os Sognestyret 14. marts: «Andragende fra Peder Gaassand om Bidrag til Oparbejdelse af en Vei fra Gaassand til Haukeland. Beslutning: Til Oparbejdelse af ovennævnte Vei yder Kommunen - under Betingelse af at Statens Forstvæsen overtager Halvdelen af Strækningen fra Rødlivandet til Haukeland - kr. 130,- engang for alle og som udbetales naar Veien er ferdig. Vedligeholdelsen bliver Kommunen uvedkommende. I Medlem stemte for kr. 150,-.»

Krisekvardag og krisetid

Anders Molven fortel til Lars Skorpen.

Tankar tek tak ved årsskifte og aldring. Mot slutten av 1999 kan 96-åringen, Anders Molven, dela erfaringar og minne med oss frå eit langt liv og eit heilt hundreår. Men denne gongen vil vi helst høyra om den første tida hans som styrar ved Os Forbruksforening, eller «Freningen» på folkemunne. Vi gjer eit tankeprang tilbake til krisetid, krigstid og kvardag på Osøyro tidleg på 40-talet.

TYSKARAR KJEM GJENNOM DALEN

- Ein fortropp på to armerte motorsyklar kom durande inn på plassen framfor Samvirkelaget øvst i Lærdalen. Dette må ha vore rundt månadsskiftet april - mai 1940. Den tyske offiseren spurde kor mange som budde på Lærdalsøyra og ville ha tak i ordføraren - den seinare stortingsmann Hjermand - og lensmannen. Offiseren snakka bra norsk og var godt orientert. Så kom soldatane, trøytt og svoltne - nokre gåande, andre bilande. Dei stod langs disken og åt til kl. eitt om natta - slurpa i seg ræ egg - før dei kasta seg på stolne syklar og laushestar på veg vidare mot Lærdalsøyra.

Vi sit i ei lys, triveleg stove i Gamleheimshagen der Anders Molven flytta inn då han selde huset på Kuven for nokre år sidan. Rank i ryggen og fast i blikket fortel han korleis krigen kom til Lærdal. Han snakkar med sterk og klår røyst som tydeleg ber bod om opphavet i Jondal, sjølv om han har fare vidt - handelsskule- eksamen i Bergen midt på 20-talet til styrarstilling på Ljosne Samvirkelag i kona, Eli, si heimbygd. Då okkupantane kom over Filefjell frå Valdres denne vårdagen i 1940, var det gått nokre år. Eli og Anders hadde fått 2 barn og blitt ein familie på fire.



Anders Molven

PÅ FLYTTEFOT

- Då Ingvald Midtgård valde å konsentrera seg om privat verksemd, fekk eg tilbod om styrarstillinga på Os Forbruksforening. Det var freistande å koma nærare Bergen og slekta i Hardanger og då «Kommandøren» klappa til kai i Bergen ein av dei siste juni-dagane i 1941, var Kristian Lyssand på plass og henta flyttelasset. Familien flytta inn i eit husvære i 2. høgda over butikken, og aller-eie den 1. juli overtok eg stillinga som styrar - ei arbeidsøkt som skulle vara i 30 år.

Den gongen var det 12-15 tilsette i butikken på Osøyro - 3 av desse i bakeriet, mellom anna Mons Moberg - bror til Ole «Bank» Moberg - og Bernhard Midthus. Engel Moberg hadde hovudansvaret for kolonialen, Konrad Olsvold for jarnvareavdelinga ut mot Os-elva og Torgny Øvreeide tok seg av manufakturen; med eigen inn-gang mot Barons-brua. Jorunn Lund var dyktig kontordame som saman med



«Foreningen» -fasaden mot Torget slik han var i 30- og 40-åra (Foto: Lokalhistorisk arkiv)

Eldbjørg Johannesen ofte sysla med saker som ikkje heilt tolde dagens lys under krigen. Signy Holmås og Hildeborg Andreassen var «rasjoneringsdamer» som for det meste dreiv papirmølla med kort, merke og tilvising av varer frå Forsyningsnemnda. Elles kan nemnast gode medarbeidarar som Trond Johannesen, Larsina Berge, Elvina Drange, Ruth Thuen, Magdalena Heggland og endå fleire, seier Molven og trekkjer pusten. Han demonstrerer med denne oppramsinga ein hugs som må beundrast. Han fører kaffikoppen til munnen med stø hand i skinet frå stearinlysa. Berre stokken, som står ved stolen, minner oss om den høge alderen.

- Vi hadde også fire filialar då eg kom til Os. Det var vel berre den i Hegglandsdalen som gjekk nokolunde økonomisk, seier han. Dalingane var flinke til å slå ring rundt landhandelen sin. Dei tre andre var på Haugland, Lekven og Grindevoll. Seinare kom det også ein butikk på Søfteland. Lærer Vik, som var styreformann i mange år, var svært oppteken av at filialane i krinsane skulle klara å overleva.

ET PAPIRMØLLE

- Forsyningskontoret heldt til i heile 3. høgda i Mobergsbygget (Drageset i dag). Paul Moberg var sjef for ein heil stab då eg kom til Os. Seinare overtok Øystein Djuvik. Det var rasjonering på alt. Fylkesforsyningsnemnda - der osingen Nils Tveit var sjef - kunne tildela ei ekstra vare. Nummer og bokstav på ekstrakortet viste kva vare ein kunne få. Tørrfisk, stokkfisk, klippfisk, sild, kålrabi, koks og kol. Kveitebrød på raudt kort og andre brød på svart kort. Kveitemjøl på dei raude og anna mjøl på dei svarte. Ei papirmølle utan like som Signy og Hildeborg heldt godt greie på.

Mjøl var sjølv sagt ei viktig vare. «Rasjoneringsdamene» talde merke og hadde i konvoluttar. På Forsyningskontoret skreiv dei så ut tilvising på levering av mjøl som tilsvara merketalet. Eg reiste så til Vaksdal mølle sitt kontor med papira og bad kontordama på tomannshand om ein sekk ekstra. Det gjekk alltid bra. Det vanka nok ein sjokoladebete som smørjing, riktig nok —.

For å få så god som mogleg tilgang på va-

rer i denne krisetida, var det viktig med personleg kontakt med grossistar og Fylkesforsyningsnemnda. Eg fekk tilvising, men måtte sjølv skaffa varene. Personleg fram møte var nødvendig om det var hos Friele, Mowinckel eller Benson. Oppfordringa var vanlegvis: «Stikk innom til sjefen!». Det gjorde eg. Der kom spørsmålet: «Ja, får du varer? Vi får sjå kva vi har!» Og til slutt kom ordren: «Hent lagersjefen!» At eg gjennom mange år hadde opparbeidd meg nær kontakt med grossistane i Bergen og kjennskap til gode innkjøpsrutinar var sjølv sagt også ein stor fordel i desse vanskelege åra.

Kjøtt og mjølk var viktige varer som vi ikkje førte, men elles hadde vi det meste sjølv om det etter kvart minka på mykje, og det kom mange simple produkt som kaffierstatning og B-såpe. Det einaste som hopa seg opp var «Barnengens barnepudder» men det kunne ikkje folk eta desverre. Parfyme lukta det faktisk, hugsar eg—.

SVARTBOKSSARDINER OG SKROTSILD

- Ortskommandanten sitt kontor låg rett over gata der Fagerthun sin butikk er no, men eg hadde aldri noko direkte med han å gjera. Riktignok kom viserguten hans inn i butikken nokre gonger. «Snakke med der Chef?» sa han. På dette spørsmålet hadde eg alltid same svaret: «Han reiste til byen i dag». Og alltid same reaksjonen: «Jawohl. Heil Hitler!» Dermed slo han hælane saman og forsvann. Kva Ortskommandanten eigentleg ville meg, fekk eg aldri vita. Eg spurde ikkje heller. Men den vesle «kontordilten» ser eg klårt føre meg den dag i dag.

Det hende også at tyskarane var ute etter matvarer. Spesielt etter at Organisation Todt - eller «Todtane» som folk sa - kom for å byggja ymse bunkerar og brakker. Dei heldt til i kjellaren til Gustav Tvedt, vis-à-vis kyrkja.

Ein gong hadde eg kjøpt noko sild. Fem tønner som på det næraste var for skrotsild å rekna, viste det seg, open i buken som ho var. Desse tønnene fekk «Todtane» overta til innkjøpspris. Eg høyrde aldri noko meir frå dei. Men ein annan gong vart eg oppringt av lensmann Dahl som hadde fått kla-

ge på at eg ikkje ville selja såkalla «svartbokssardin» til tyskarane. «Svartboks-sardin» var namnet fordi blankt blekk var teke i bruk til tyske, krigsviktige føremål. Difor var sardinene nedlagde i svarte blekkboksar. I dette høvet gav eg klar melding til lensmannen: «Svartbokssardin blir tildelt sivile nordmenn med ekstrakort på nr. og bokstav». Eg høyrde ikkje noko meir denne gongen heller. Molven fell i tankar nokre sekund. Det spesielle var at mykje kunne vera farleg den gongen, men ein visste aldri kva som var farleg på førehand, seier han tenksam.

Den einaste gongen eg vart pålagt å selja varer til tyskarane eller deira norske medhjelparar, var til den store hirdstemnedagen i 1943. Då kom NS-ordføraren personleg med underskriven rekvisisjon på råvara til festmiddagen, nemleg klippfisk. Eg reiste personleg til Veiten i Bergen for å innkassera pengane. Måtte leggja passet i pant i første høgda og vart vist vidare oppover trapene. Eg fekk pengane og pusta letta ut i frisk luft.

TANNLEGE BESØK

- Næraste naboen til Os Forbruksforening var Os Privatbank sitt bygg, som hadde tannlegekontor i andre høgda. Fangar frå Ulven fekk høve til å vitja kontoret for vøling av tennene. Vanlegvis var det med to tyske vakter. Etterpå før ofte heile følgjet på butikkbesøk. Oddlaug Dahl var medhjelpar på tannlegekontoret og kjende dei tyske vaktene godt. Ho vurderte, saman med Jorunn Lund, om det let seg gjera å stikka eitkvart lite til fangen. Det kunne vera ei B-såpe eller ein tannbørste. Ein sjokoladebete var medisins sjølv om ein kom frå tannlegen. Ei vakt kunne snu ryggen til, andre var meir opptekne av å gjera fullverdig nasjonalsosialistisk arbeid. Vart det for vanskeleg, gjorde Eldbjørg Johannesen (Mildestveit) jobben. Ho var smart, smiler Molven.

Gjennom Jorunn eller Oddlaug kom eg i kontakt med ein politimann som var fange på Ulven. Han snakkar noko om barbersaker, sa dei. No hadde det seg slik at eg ein sjeldan gong kunne få ekte varer i person-

GRENZZONEN-BESCHEINIGUNG
Grenzzone West

Nr.: 3025

GRENSEBOERBEVIS
Grensesone Vest

Polizeidirektor/Lensmann in
Politimesteren/Lensmannen i Os.

Inhaber dieser Grenzzonen-Bescheinigung,
Innehaveren av dette grenseboerbevis

Andreas Moberg geb. am 17/4/03 in Jondal.
født den 17/4/03 i Jondal.

Beruf: Sammisketog, kystby. Staatsangehörigkeit: Norsk
Yrke: Sammisketog, kystby. Nasjonalitet: Norsk

Den/ene/ihren ständigen Wohnsitz Os. • Osøyro.
har sin faste bopel i:

Polizei/Lensmanns-Bezirk: Jondal. Os.
Politi/lensmanns-distrikt: Os.

Diese Bescheinigung berechtigt zum Verkehr in folgenden Polizei-
bezirken der Grenzzone West:

Dette bevis gir innehaveren rett til å ferdes i følgende politi-
distrikter i Grensesone Vest:

Os.

Ort: Os. Siegel
Sted: Os. Stempel

Datum: 15/4/1941.
Datum:



Andreas Moberg
Eigenhändige Unterschrift
Egenhendig underskrift



Rey Helle
Unterschrift des Polizeidirektors bzw.
Politimesterens/Lensmannens
underskrift

leg gåve frå grossistar eller andre vi handla med. Eg henta ei prima barbersåpe av førkrigskvalitet til fangen, som seinare slapp ut og gjekk tilbake til politiarbeidet.

Tida gjekk og eg var på heimtur med heile familien etter påskebesøk i Jondal. Det må ha vore i 1943. I det vi runda Kvarven, fortalde ein styrmann at det var venta politi-razzia i Bergen. Rasjoneringspolitiet. Mjølkespann vart tømde over rekka. Eg tenkte på spekekjøtet i ryggsekken, ei gåve frå far. Skulle eg gøyma det i barnevogna saman med Helga, siste skotet på familiestamma? Elsa og Olav stod og heldt i vogna. Dei var blitt 8-10 år gamle. Dumt å dra familien inn i dette. Skulle vore åleine no, tenkte eg. I det båten klappa til kai såg eg kven som stod i spissen for Rasjoneringspolitiet. Etter ein kort, diskre samtale ordna det heile seg. Han hugsa nok barbersåpa utan at eg nemnde det.

OPERASJON RYGGSEKK

- Kiss Moberg Hauge (Lønningdal) arbeidde på forsyningskontoret på Osøyro. Ho kom med heile buntar med ark til Eldbjørg,

som igjen hadde kontakt med dei som låg i dekning og trong mat. I det som her hende hadde nok også fylkesforsyningssjefen, Nils Tveit - som siste krigsvinteren også var styreformann for sivilorganisasjonen for heimefronten i Hordaland - ein finger med i spelet.

I trappeoppgangen mot Baronselva låg det ein tom sekk. Eg hadde ein avtale med Eldbjørg om at sekken skulle fyllast med brød, men ikkje meir enn at ein fekk snøra godt igjen. Avtalen var at viss sekken ikkje var borte klokka ti om kvelden, kunne eg berre låsa. Eg såg aldri dei som bar sekken - korkje dei som leverte eller henta. Men Eldbjørg såg og visste nok, kanskje. Når det kunne fungera slik utan at eg visste for mykje, var nok det best. Eg spurde ikkje meir enn nødvendig. Det var bra slik. Men forretningsdrifta måtte eg sjølv sagt ha mest mogleg hand om.

Så kom maidagen vi hadde venta på. Det vart etterkvart svart av folk på Osøyro. Hylland henta radioen fram på verandaen, og Mortensen heldt tale frå balkongen på Mobergshuset. Lange, mørke år var over.

STILT

av Kine C.A.Barth

Det er heilt stilt. Vinden blæs ikkje. Huset står stilt, forlate. Teikn til liv er der ikkje, sett bort frå ein liten kropp som ligg i ei mindre seng. Knea skjelv ikkje slik dei plar, sveitten renn ikkje. Djup, etterlengta søvn dreg med seg den vesle jenta, lenger og lenger vekk. Då med eitt, vaknar ho. Uttrykket viser ei undring. Ei undring som barn i krigsland tek i bruk, når det ikkje lenger haglar bomber rundt hovuda deira. Kva er dette? Roa huskar seg stilt innpå og angrip plutselig barnet. Dette har ho ikkje opplevd før. Korkane som sprett, er der ikkje teikn til. Ikkje dei nattlege stega i trappa heller. Kanskje alt står stilt i verda? Kanskje alle er daude? Er dette eit eventyr? Vågar ho å stå opp? Nyfikna tek overhand. I underetasjen høyrer ein dei små, forsiktige stega.

Soveromsdøra til foreldra står på gløtt. Det knirkar i døra når den vesle jenta gir ho ein liten støyt. Ho kryp saman, hjartet bankar. Kroppen skjelv. Men det kjem ingen, ingen stemmer. Ho gløttar inn døra. Senga er tom, ingen der. Kor er dei? Trappa ned til stova og kjøkkenet er bratt og smal. På det eine trinnet glepp foten. Ho lagar eit forferdeleg bråk. Ho kjenner ikkje smerte. Tenk om far hennar høyrde braket! Men framleis er alt stilt. Stega hennar nærmar seg kjøkkenet. Alt er slik det plar vere. Kasserollar står med matrestar i. Kjøkkenreiskapen ligg og flyt. Nokre fluger «et» av ein gaffel med leverrestar. Små «mosedottar» veks på ei gammal skive, som ligg gøymd bak tørkerullen. Jenta er uroleg. Kanskje det er slik som i eventyret om Tørnerose? Alle er forhekka. Kor søv dei?

Stova er mørk, jenta slår på lyset. Ein bamse ser spørjande på henne. Kanskje bamsen har kidnappa foreldra? Er bamsen frelsaren

hennar? Kva viss leiker har liv? Når du dunkar dei i bakken, grin dei av smerte. Når du legg dei om kvelden, treng dei ein klem og eit kyss på kinnet. - Det er kaldt. Den vesle nattkjolen varmar ikkje så mykje. Ho tek bamsen med seg og går ut av stova.

På badet er det ingen. Vindauget står ope. Den ræe lufta slår imot henne. Det er sein haust no, ikkje så lenge til snøen kjem. Snøen, det stikk i henne. Ho klemmer hardare rundt bamsen. Snøen er ikkje snill. Bestemor hadde ein gong sagt: «Eg skjønar ikkje kvifor Gud må sende all denne snøen og kulda, det tar helsa mi!» Dette var nok alvorlege greier. Dei som stel, er ikkje snille. Kva om snøen har tatt foreldra med seg opp til himmelen? Får foreldra komme opp til himmelen?

Ho går ut i gangen. Skoa er der. Jakkene heng som daude dyr over stålstengene. Fraus ikkje jakkene? Kven varma dei, når dei varma oss? Ho lyttar, ikkje ein einaste lyd. Stilla forundrar henne. Dette er noko ho likar. Opplevinga gir henne ei ny kjensle. Så dette er ro? Alle snakkar om henne, men får aldri tid til ho. Nissestativet står i ein krok. Det held paraplyane hardt inntil seg. Den vesle, rosa paraplyen ho ein gong hadde fått av bestemor, var no gul. Flekkane, som ein gong hadde vore lilla, gjekk i eitt med det gule. Ho hadde vore så stolt då ho fekk han. - Ytterdøra er låst. Ein plass ho enno ikkje har leita, er på loftet. Ho har heller ikkje vore i kjellaren, men der vågar ho ikkje å gå. I kjellaren er det rått, mørkt og kaldt; mykje har hendt der.

Stigen opp til loftet er vanskeleg å få ned. Høgda strekk ikkje til. Ho hentar ein krakk frå kjøkkenet. Det går akkurat. Oppe på loftet er det lenge sidan ho har vore. Kanskje

nokre av dei gamle leikene hennar er der. Men dei vart det vanskeleg å finna, for så mange ting på ein gong hadde ho aldri sett før. Lampar, sko, leiker, lysestakar og mange fulle boss-sekkar. Ho opnar ein av dei, der er det berre gamle klede. Ho kjenner igjen mange av leikane hennar. Plutseleg hugsar ho på kvifor ho er der. Foreldra!

Men det er ingen oppe på loftet. Kanskje ho må gå ned i kjellaren likevel. Kroppen stivnar, knea skjelv. Ho har alltid vore redd for å møte kjellaren. Gå der nede mellom gamle musefeller og muselort. Vonde minne innhentar jenta, dreg ho med til fortida: Faren truar henne med seg, ned i kjellaren. «Kva er det for noko djevleskap du har gjort no?» Faren si røyst dirrar i hovudet til jenta. Ansiktet vrir seg av smerte. «Eg har ikkje gjort noko!» Ho snakkar med respekt og frykt for faren. Han dreg henne med, lenger og lenger inn i mørkret.

Den vesle jenta kjem ut av marerittet, ho oppdagar at ho framleis er på loftet, og ikkje i kjellaren med faren. Ho finn trappa ned. Klatrar forsiktig nedover. Då, like før ho stig ned på golvet, drar ei sterk hand ho i skuldra. Hardhendt rykkjer faren ho ned. Ho veit kva som vil skje, men ho kan ikkje skrike, då blir det berre verre! Faren dreg henne ned i kjellaren. Like før kjellarlemmen lukkar seg, ser ho at det snør. Dei kvite store flaka dansar, det er slutt! Brått seier ei stemme: «Slepp jentungen!» Ein framand mann står i kjellarlemmen. Faren slepper taket. Jenta vert ført ut av kjellaren, og inn i ein bil. Dei køyrer vekk, langt vekk. Bort frå angsten. Ho anar ei kjensle av tryggleik. Endeleg trygg. Kven er det som har redda ho? Er ho verkeleg trygg no? Snøen lavar ned. Det er heilt stilt.



Rødsæter

- endå eit minne frå sæterlivet

av Kåre Herdlevær



Rødsætra anno 1999. Torvtaket er skifta ut med meir vedlikehaldsfri taktekking.
Men sætra har mist noko av sitt særmerke.

Rødsæter er også ei av sætrane kring Krokvatnet/ Steindalsvatnet som var i bruk til kring 1900-talet. Ruth Hjelle, som er fødd i 1921 og oppvaksen på garden Nedre Rød, gnr. 80, brnr. 2, har blitt fortald om sæterdrifta og har elles minne om bruk av sætra.

I Os-soga saksar eg frå gamle matriklar og teljingar: «1723: Ingen sætter, men skoug til brendefang og lidet til husenes forbedring, ingen qvern eller fiskerie,— Har ingen næring uden af gaardens afling». Heller ikkje teljinga i 1865 nemner noko om sæter.

Likevel, vi veit at det var sæterdrift i Steindalen i 1813 og truleg før den tid, (sjå Osingen 94 om Steindalsætra). Vi veit òg at eigaren av Lysekloster gard, Forman, måtte gje frå seg mange av rettane sine i området i 1873. Men om Rødsætra kom før eller etter dette årstalet veit vi ikkje noko sikkert om. Truleg har det vore sæterdrift på Rødsætra, slik som på Steindalssætra og Øvreeid-sætra fram mot 1900-talet.

Kvinnfolkarbeid

Ruth Hjelle fortel, slik ho sjølv er blitt fortald, at når dei skulle på sætra, hadde dei båt i Aldalen, ei vik nedanfor Rødsliane. Derifrå rodde dei til Lønningdal og gjekk opp «Skøte». «Skøte» var delt inn i «Moldskøte», «Heimsta-skøte» og «Norsta Skøte», rekna nedanfrå.

Vegen til støls var ikkje rekna for svært lang. Difor gjekk dei opp om ettermiddagen og ned tidleg neste morgon. Då hadde dei om ettermiddagen kanskje måtta gå langt og lenger enn langt for å finna buskapen. Deretter mjølka kveldsmålet, neste morgon, morgomålet, før dei drog på heimveg.

Det var ikkje noko kvile å få når dei kom heim. Då var det å hjelpa til i slåttan, hjelpa til med matlaging og anna, til dei måtte avstad om ettermiddagen att.

Dette var kvinnfolkarbeid. Karane tok seg av tungarbeidet, meinte dei. Men var ikkje stølsdrift tungarbeid det òg? Å ro frå



**Halvdan Krosby ved sætra i 1917.
Vi ser litt av «naustet» til venstre.**

Aldalen til Lønningdal, gå fram og tilbake i ulendt terreng, springa etter buskapen, truleg i tresko, bera mjølka på ryggen i uhamselege bidne, med selar som gnog på skuldrane, må vel òg seiast å vera tungarbeid. Men kvinnfolkarbeid har no alltid vore underverdert.

Slutt på sæterlivet

Dei slutta å gå på stølen etter hundreaarskiftet. Då hadde faren laga til kulturbeite i heimemarka og mjølkekyrne var der. Det vart for tungvindt å gå på stølen. Ein anna grunn var at dei, etter at Os-banen kom i drift, kunne senda mjølka med jernbanen til meieriet i byen. Fram til då hadde meieriet i Hegglandsdalen tatt seg av mjølka, (sjå Osingen 95 om Øvreeidsætra).

Ruth Hjelle har ei mjølkebytta etter ei tante av seg. Tanta, Malena, fødd i 1874, hadde fått bytta då ho var 14 år gamal. Sjølv sagt for at ho skulle bruka den. «Tidleg krøkjast».

Sjølv om det vart slutt med slitet med å ha mjølkekyr i «Sætramarkjo», - det er eit fellesnamn dei nytta i Hegglandsdalen for områda kring Steindalsvatnet og Krøkvatnet - så hadde dei ungbeist der så seint som etter at Ruth Hjelle voks til. Vegen gjennom Rødsliane kom i 1908. Då dreiv dei ungbeista den vegen, opp eit lite stykkje i kjerrevegen til Midtsæter, før dei tok av mot Rødsætra. Med mjølkekyr på sætra, det var før vegen i Rødsliane kom, dreiv dei kyrne gjennom Hjemdalsskaret fram til sætra.

Ruth Hjelle og Hilda Feste, den siste også frå Rød, fortel begge at det var ei sæter til ved Krøkvatnet. Den låg i same området som Rødsætra, men ingen av dei veit sikkert

kvar den låg. Hilda har dette frå far sin, Peder N. Rød. Den hørde til gardane Øvre Rød, gnr.79, brnr.1 og 2.

Utabygds bergingsmann

På same vis som dei andre stølshusa i «Sætramarkjo» vart også Rødsætra lite halden vedlike etter at dei slutta med å ha mjølkekyr der. Den som berga henne var ein mann frå Bergen, Halvdan Krosby. Han var ein fjell-vandrar. På ein av turane sine med start i Samdalen, hadde han «funne» Rødsætra. Den må ha stått open, for han hadde gått inn og trakka igjenom golvet. Han sette seg føre å setja den istand, mot at han fekk lov å bruka sætra. Då var det også eit naust som hørde til sætra. Det er vekke no. Krosby kom til Rødsætra for 80-90 år sidan. Han innreidde sætra, også med senger. Materialane til desse fekk han på Midt-



Ungdomar framfor Rødsætra i 1930-åra.

sæter. På ei av sengesidene står årstalet 1748. Dette årstalet har ingen ting med sætra å gjera.

Etter at sætra vart sett istand vart den nytta som utferdsstad også for eigarane. Til det føremålet er den godt brukande, sjølv om den ikkje er av «Røkke-standard». Som prov for bruken har Ruth Hjelle fleire bilete som viser ungdom ved sætra i hennar ungdomstid.

På langtur etter kviga

Ungbeista i «Sætramarkjo» var ikkje alltid lett å finna att. Dei gjekk der utan dagleg tilsyn. Då kunne dei streifa vidt omkring.

Vi som er «fjellvandrarar» idag synest vi har gjort ein god dags jobb når vi har gått

nokre timar i fjellet. Den vesle historia som no kjem, men som ikkje har direkte tilknytning til Rødsætra, viser, at å gå, det var noko dei både kunne og måtte i tidlegare tider:

Ruth og faren gjekk ein gong på leit etter ei kviga. Dei starta heimanfrå tidleg om morgonen. Først gjekk dei til Rødsætra. Deretter i heile «Sætramarkjo». Så innover i Munkelia og Rødli-marka og enda tilslutt i Samdalen. Men kviga fann dei ikkje. - Dei som går i dette terrenget veit kva strekninngar dei for over, i tildels ulendt terreng. Og leita dei etter dyr, så var det ikkje berre å gå strake vegen.

I Samdalen fekk dei skyss til Kalandseidet og tok rutebil derifrå. Faren gjekk av på Søfteland for å fretta om folket på

Haukeland hadde sett noko til kviga. Ruth tok rutebilen vidare til Os. Så var det å gå dei 8-9 km ifrå Os til Rød. Det vart ein lang dag, og ein lang marsj for ei 13-14 års jenta.

Ruth Hjelle fortel òg at ho var med faren på tømmerhogst ved Steindalsvatnet. Då låg dei på sætra heile vika. Av og til kom mor hennar med ein ekstra godbit til dei.

Som bilete i denne artikkelen viser, er sætra i god stand no. Den er idag til bruk som fritidshus, til glede for eigarane.

Kjelder: Ruth Hjelle, f. Rød
Hilda Feste, f. Rød
Os-soga

Sheradstyret 1899

OS SOGNS BUDGET 1899:

Udgift:	Fattigbudget.....kr.	1.720,-
	Jernbanen.....«	1.600,-
	Veivæsenet.....«	400,-
	Veivedligehold.....«	660,-
	Kassereren.....«	50,-
	Bibliotek.....«	50,-
	Assurance,Vedligehold,tilf.Udgifter.....«	180,-
<hr/>		
Sumkr.	4.660,-
Indtæcter:	Ølskat.....kr.	300,-
	Renter.....«	125,-
	Indtæcter af Kommunehuset.....«	35,-
<hr/>		
Udlignes paa Formue og Indtæctkr.	4.200,-

Heradstyret 1899

Herredstyrelsesmøde 23.marts: «Andragende fra Jens Fjærestad m.fl. om Vei fra Tuen til Lepsøen samt et om Udstikking af Vei fra Øvredalen over Rolfsvaag til Hisdalsveien. Begge Andragender bliver at nedsende til Amtet med Anmodning om at Linerne maa blive opgaede og kalkulerete.»

Herredstyrelsesmøde 24.mai: «Beslutningen om Nedlæggelse af de faste Stationer Osøren og Aadland var nægtet Departementets Approbation. Sendt Herredstyrelsen til fornyet Behandling. Enst. besluttedes: Osøren faste Station bibeholdes under betingelse af at Hesteholdet indskrænkes til 1 fast og 1 Reservehest.- For Aadlands Vedkommende bliver den faste Station at bibeholdes.»

Same dato: «I Henhold til Meddelelse fra Oberst Krogh at Herredet til Feltbrug skal stille 4 Rideheste og 19 Trækheste, besluttedes: Da Herredets Sogne ligger aldeles fraskildt enedes man om at fordele Antallet i Henhold til Matrikulen hvorefter Os har at levere 15 - deraf 3 rideheste og Samnanger 8 - deraf 1 ridehest.»

Same dato: «Vedtagelse af Regler til Forebyggelse og Slukning af Skogbrand fandtes ikke paakrævet fra Herredet.»

Same dato: «Et Andragende fra Jakob Haljem om Oprettelse af en Postbudrutte til Haljem bliver at indsende med Herredstyrelsens anbefaling.»

Herredstyrelsesmøde 29. august: «Enst. besluttedes at Opførelse af Pigtraadgjerde skal være forbudt inden Herredet fra 1/9-99.»

Os Sognestyre 25. oktober: «H. Midthus bemyndiges til at besørge Manglerne ved Lyseklosterveien paa Stykket Ulven - Langedalsveien udbedredt.»

Siste vedtak av Os Sognestyre i året 1899 var dette: «Os Sogn betaler til Samnanger Sognekasse kr. 20,- under Betingelse af at Striden med samme Fatigk. bilægges.»

Me har alt du treng som malar
når du eigenhendig balar.
Men me hjelper gjerne til
når du sleppa mala vil.



5222 NORDSTRØNO - TLF. 56 30 80 81 - BUTIKK: 56 30 11 80

Bohus

Telefon: 56 30 34 10

Din totalleverandør av finansielle tenester

KREDITKASSEN
Vi gir deg bedre råd!

Filial Os - 5200 Os - Telefon 56 57 20 10 - Telefax 56 30 27 37

Blomar og planter
i store parti
me kjøper og sel
frå vårt gartneri.

a/s Løysstund  GARTNERI

SKEIE - Tlf. 56 30 55 10 Fax. 56 30 62 15

**Økte bompengavgifter!
Piggdekkavgift!**

Har du vurdert alternativet?

Linje 630 Halhjem har 35 avganger
til Bergen alle hverdager

Linje 620 Osøyro har 47 avganger fra
Os til Bergen alle hverdager

Bruker du periodekort til og fra Bergen
sentrum fem dager i uken, blir prisen pr.
reise ca. kr. 20,-

GAIA TRAFIKK  Tenk smart
Bruk bussen



BJØRNEFJORDEN

Gjestetun

Bjørnefjorden Gjestetun AS, 5200 Os
Tlf: 56 30 40 00 Fax: 56 30 05 90
www.bf-gjestetun.com

kurs, konferanse, overnatting, sekkap

OS UNGDOMSLAG

skipa 1890

Ver med oss i arbeidet
for norske folkedansar:

Songdans, turdans,
gamaldans og
bygdedans.

Sjå lysing i
Os & Fusaposten

GEO
GRAFISK A.S BERGEN

**Kvalitets-trykksaker
til riktig tid og
riktig pris!**

Geo Grafisk AS Bergen
Besøksadresse: Kokstaddalen 47
Postadresse: Postboks 161 Kokstad • 5863 Bergen
Telefon: 55 98 59 59 • Telefax: 55 98 59 49
E-post: grafisk@geo.no

Vi støtter det lokale kulturmiljøet!

Hos oss får du alt du trenger innen bøker, fag-
litteratur, CD-rom og data, papir og rekvisita.
Vi har også mange godbiter fra ditt lokale miljø!

M.K. OLSEN INTERBOK

5200 Os • tlf: 56 30 04 30 • fax: 56 30 29 80
e-mail: m.k.olsen@interbok.no

Alle slags planter

- PRYDBUSKAR
- NÅLETRE
- FRUKTTRE
- BÆRBUSKAR m.m.

M. HAUGE'S
Planteskole
Moberg - 5200 Os
Tlf. 56 30 03 60.

OS MÅLLAG

SKIPÅ 1920

Styret:

Leiar: Elfrid Moberg

Skrivar: Signe Rydland

Kasserar: Oddvar Bentsen

Styremedlem: Magnhild M. Næss, Lars Skorpen

Ta kontakt med eit av styremedlemene.

Kvalitet!

- VERKTØY -
- MASKINER -
- REDSKAP -

for
HUS OG HAGE

JERNÅ


P. M. SÆLEN & CO. A/S

Tlf. 56 30 04 00 - 5201 OS



LOKALKONTOR
Bjørnegården
5200 OS
Tlf. 56300690

REGIONKONTOR
Sandslimarka 31
5049 Sandslø
Tlf. 55984820

Rådgevande ingeniører 



INDUSTRIVEGEN - 5200 OS



**RENOVASJON -
CONTAINERSERVICE**

Tek på meg all slags bosskøyning.

Ring tlf.: 56 30 58 35 - Lager kolskogen: tlf.: 56 30 16 17

Døgnvakt Mob.: 945 67 241

BESTILL DIN REISE HOS



OS REISEBYRÅ A/S

POSTBOKS 2741 - 5201 OS

TELEFON: 56 30 43 00

FAKS: 56 30 43 10

MOBIL 901 77 387

DET GJØR VI!

Møbelservice a.s

Tidlaus Eleganse

5212 SØFTELAND

TLF. 56 30 71 70 • FAX. 56 30 74 35

www.mobelservice.no

e-post: post@mobelservice

LARS LEKVEN

SIV.ARKITEKT MNAL NPA

Bryggen 13 - 5003 Bergen

Telefon: 55 32 79 50

Telefax: 55 32 90 64



*Til kjøkken, bad og vaskerom
har vi det meste, så berre kom
og kjøp det du treng, vi installerar,
når gamle røyr ryk, vi reparerar.*



Sverre Samdal

AUT. RØRLEGGERFORRETNING

Telefon: Privat: 56 30 02 55
Kontor: 56 30 15 83
Mobil: 917 56 680

ARKA[®]
KAROSSERIER



Bli abonnent du òg!

*Her finn du
SISTE NYTT
om det som hender
i heimbygda di!*

**OS & FUSA
POSTEN**

Boks 273 - 5201 Os - Tlf. 56 30 29 50

Me sel måling til tak og vegg
Me mjuke tepper på golvet legg
Me skaffar gjødsel til hagen din
så plenen veks seg grøn og fin

FARGERIKE Interiøren

AS Os Fargehandel

5200 OS - TLF 56 30 03 80 - FAX 56 30 14 72

**Roser og
dekorasjonsplanter
Gartneriutsal**

Erling og Terje Lunde - Gartneri

5200 Os - Telefon: 56 30 40 70

Alt i delar og rekvisita



**Bilens
Butikk** a.s

Olav Tøsdal jr.
Steinneset, 5200 Os
tlf: 56 30 63 50
fax: 56 30 46 10
mobil: 905 54 583
priv: 56 30 24 46

SpareBank 1 Vest

Møteplassen

Velkommen!

AMFI
SENTERET
FLÅTEN - OS

Ope kvardager: 10 - 20
laurd.: 10 - 16 daglegvare: 9 - 18

Tidlegare Flåten Senter

DISTRIKTET SITT EIGE FORSIKRINGSSELSKAP

Hos oss kan du få dekket dine
totale forsikrings- og lånebehov

Ta kontakt med oss!



GJENSIDIGE Vest

OS Tlf.: 56 57 20 00
FUSA Tlf.: 56 58 10 90



SJEKK SYNET HOS OSS
INTEROPTIK

H. Bakketeig AS

Telefon: 56 30 18 00
Telefax: 56 30 76 50



Den norske Bank

Vi har mulighetene - du har valget!!!

Telefon: 55 21 10 00



OSKRAFT^{AS}

Rein energi

Telefon: 56 30 44 00 - Telefax: 56 30 44 10

Din lokale kraftleverandør

Løysingar frå

BARNE SIDER

X
WORD



VEIT DU DETTE?

SVAR:

1. Ja, pistolen.
2. Ja, rompetrollet.
3. Fjellkjeden.
4. Landskapet.
5. Ein sebra i ei svingdør.
6. Ein fire meters tannbørste.
7. Store hol over heile Australia.
8. Eit tusenbein med fotvorter.
9. Hesten. For da det gikk inn eit eple i den eine enden, kom det ut ei pære i den andre.

